

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skrevet: 07. juni 2005
Sakshandsamar: Berit Bore
Saka gjeld: **Etablering av Helse Vest IKT AS - opningsbalansen**

Styresak 66/05 B

Styremøte 17.06. 2005

Bakgrunn

Helse Vest IKT AS blei stifta i stiftelsesmøte 07.12.04. Helse Vest RHF har skote inn kr 500 000 i aksjekapital og eig 100% av selskapet.

I tillegg til aksjekapitalen skal det skytast inn eit tingsinnskot som er lik verdien av IKT-avdelingane i helseføretaka i regionen. Ifølge aksjelovas § 10-12 kan tingsinnskotet vidareførast til balanseførte verdier.

I styremøte 20.10.2004 i Helse Vest RHF sak 072/04 blei det mellom anna vedteke følgjande:

Styret i helseføretaka skal overfor føretaksmøtet i føretaka tilrå at Helse Vest RHF får eit utbytte som svarar til dei balanseførte verdiane på IT-området. Styret i helseføretaka skal behandle dette i samband med godkjenninga av årsrekneskapen for 2004 og foreslå at utdelinga skjer med verknad frå 01.01.2005.

Innan 17. juni 2005 har styra og føretaksmøte i det einskilde føretak ha gjort vedtak i tråd med dette.

Kommentarar

Berekning av verdier på tingsinnskotet skriv seg frå føretaka slik:

Føretak	Eigedelar	Netto pensjonsforplikting	Sum
Helse Stavanger HF	54 153 983	- 3 100 139	51 053 844
Helse Fonna HF	17 403 240	- 1 081 553	16 321 687
Helse Bergen HF	73 464 660	- 6 513 901	66 950 759
Helse Førde HF	9 975 929	-389 520	9 586 409
Helse Vest RHF	6 906 108		6 906 108
Sum	161 903 920	-11 085 113	150 818 807

Netto pensjonsforplikting er medrekna arbeidsgjevaravgift.

Innskoten kapital i dotterføretaka blir nedskrive med beløpet og verdien av Helse Vest RHF sitt innskott i dotterføretaka blir redusert like mykje.

Beløpa blir skote inn i Helse Vest IKT som eit tingsinnskot. Innskotet er å sjå som bunden kapital i Helse Vest IKT AS.

Forslag til vedtak:

1. Helse Vest RHF skyt kr 150 818 807 inn som tingsinnskot i Helse Vest IKT AS